
Saksnr: 2019/82-44
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		19.03.2021

Innstillingar til fylkesting for ungdom 2021

Forslag til innstilling:

1. Val av møteleiar
Fylkesting for ungdom vel: _____

2. Val av uttalenemnd
Fylkesting for ungdom vel: _____

3. Val av valnemnd
Fylkesting for ungdom vel: _____

4. Val av protokollskrivarar
Fylkesting for ungdom vel:
Arild Knapskog, Vestland fylkeskommune
Lotte Karoline Lynngård, Vestland fylkeskommune

5. Endringar i vedtekter for VU og FFU:

6. Endringar i ungdommens planprogram:

Samandrag

Fylkesting for ungdom 2021 arrangerast 9.-11. april og arbeidet med planlegginga er godt i gang. Tingdokumentet skal sendast ut 2 veker før tingsetet. Vestland ungdomsutval må i det høve fortsette med dette arbeidet og utarbeide relevante innstillingar som må på plass før utsendinga.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utkast til tingdokument FFU 2021
- 2 Invitasjon til fylkesting for ungdom 2021

Saksutgreiing

Fylkesting for ungdom (FFU) Vestland 2021 arrangerast helga 9.-11. april. Sakslista og fullstendig program skal sendast ut to veker før. Det skal føreliggje innstilling frå Vestland ungdomsutval (VU) på følgjande saker på sakslista:

- Val av møteleiar
- Godkjenning av forretningsorden
- Val av protokollskrivarar
- Val av uttalenemnd
- Val av valnemnd
- Behandling av køyrereglar
- Behandling av vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval
- Budsjett
- Behandling av ungdommens planprogram

Invitasjon

Invitasjon til alle kommunar blei sendt ut 5. mars, og ligg vedlagt. I følgje vedtektene for FFU skal invitasjonen verte sendt ut 5 veker før tingsete. Det vil bli tatt atterhald om at endring i nasjonale og lokale retningsliner for smittevern, kan føre til at FFU blir eit digitalt arrangement. I så tilfelle vil administrasjonen anbefale at kommunane legg til rette for at deira delegatar kan delta i FFU via video frå rådhuset i kommunen eller liknande. Samstundes vil vi leggje til rette for at VU kan møte på Quality Hotell Edvard Grieg som planlagt, og delta på video derfrå. Dette for å syte for at det kan vere eit sosialt arrangement og for å redusere det totale talet av deltakarar på video.

Tingdokument

Vedlagt denne saka finn de utkast til tingdokumentet til FFU.

- *Gjennomgang av vedtekter for FFU og VU:* I tingdokumentet ligg vedtektene som vart vedteke på førre fylkesting for ungdom. VU må ta stilling til om de ynskjer å legge fram vedtektene slik dei er, eller om de har nokre endringspunkt.
- *Ungdommens planprogram:* I tingdokumentet ligg ungdommens planprogram for 2020. FFU skal arbeide med og behandle eit nytt planprogram for 2021. VU må ta stilling til om de ynskjer å gjere endringar
- *Program:* Arbeidet med programmet er i gong, men det er framleis ein del som står att. I tingdokumentet ligg programmet frå førre FFU som kan brukast til referanse for utforminga av årets program.